



Vatnastøl - støl for sameiga Mykelbust og Dønhaug To av sela vart restaurert i 1993 - 1995 Foto: Kristian Olav Bringedal (2010)

Eit stor og omfattande arbeid har teke til med å presentera stølar og setrar i Kvinnherad i ei ny bok. Kaare Skaala er skriftstyrar. Med seg har han ei boknemnd og kontaktpersonar i kvar bygd.

Ståle Eik, Pål Haugland og Kristian Bringedal er heimsmennene i Uskedalen.



Slik finn du til vanleg ein tidlegare støl i dag. Murrestar etter det eine stølshuset i Botnane. Dert rår uvisse om kven som støl her,- anten brukarar frå Omvikedalen eller brukarar frå Mykelbust/Dønhaug i Uskedalen Foto: Kristian Olav Bringedal (2010)

No gjeld det å finna informasjon, kjeldemateriale, bilete og soger som kan dokumentera stølsdrifta i Uskedalen. Dette er ei krevjande oppgåve,- særleg i Uskedalen då vi veit at det var slutt på denne landbruksdrifta alt før hundreårsskifte 1900.

Kvar støl vert omtala med nøyaktig geografisk plassering, namnebruk, antalsel/murar, driftsform, kor lenge ein støla, arbeidskraft og særeigne hendingar og vandresoger.

Arbeidet med boka byggjer på artiklane skrivne i Kvinnhersminne 1994.

Boka skal vera klar for sal hausten 2011.